

# Debuterte med seier

**Kjell Ola Haugen og hunden Kazan frå Vågå debuterte med seier i hundeløp på Golsfjellet.**

AV HANS ERIK KJOSBAKKEN

Hundeløpet gjekk på Golsfjellet sist laurdag.

Kjell Ola og Kazan deltok i ein-spenn nordisk stil der pulken skulle ha ei vekt på minimum 20 kilo. Løpet gjekk over ti kilometer på svært tungt føre.

– Vi starta fyrst i vår klasse, og det gjekk fint dei fyrste seks-sju kilometerane. Til og med i motbakkane trava Kazan fint, fortel Kjell Ola.

Etterkvart tok dei att fleire ekvipasjar, i ein av dei hadde ei tisper løpetid.

– Kazan nekta å springe frå tispera, seier Kjell Ola. Og det vart enda litt meir kaos da vi, som nå var fire ekvipasjar, tok att to til, held han fram. Etterkvart gjekk det likevel svært så greitt, og i mål var vi nesten 20 minutt før nummer to.

I rein utklassingsstil vann dei altså klassa si. Det høyrer òg med til historia at Kazan seinare på dagen også fekk fyrstepremie på utstilling.



**Seier i debuten:** Kazan framfor pulken og Kjell Ola Haugen bak på ski, vann suverent si klasse i Samojedmeisterskapet på Merket på Golsfjellet.